


Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Handlingsprogram

Utkast til politisk handsaming



Innhold

Innleiing	4
Organisering av det regionale folkehelsearbeidet	6
Tema 1: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming	7
Råd og forslag: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming	11
Tema 2: Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader	12
Råd og forslag: Lokalsamfunn, nærmiljø og bustad	14
Tema 3: Oppvekst og læring	15
Råd og forslag: Oppvekst og læring	17
Tema 4: Arbeid og arbeidsplassen	18
Råd og forslag: Arbeid og arbeidsplassen	19
Tema 5: Aktivitet og deltaking	20
Råd og forslag: Aktivitet og deltaking	21

Innleiing

Visjonen for folkehelsearbeidet i Hordaland er *Fleire gode leveår for alle*.

Folkehelsearbeidet i Hordaland skal bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som skal gi fleire gode leveår og utjamne sosiale helseforskjellar.

I Regional plan for folkehelse er det valt ut fem temaområde som innsatsen skal rettast mot:

- 1) Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming
- 2) Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader
- 3) Oppvekst og læring
- 4) Arbeid og arbeidsplassen
- 5) Aktivitet og sosial deltaking

Dette er det første handlingsprogrammet for planperioden 2014–2017. I åra som kjem, vil programmet bli rullert årleg. Tiltaka i handlingsprogrammet rettar seg særleg mot område som Hordaland fylkeskommune har ansvar for og verkemiddel på. Vidare mot samarbeidsprosjekt og utviklingsprosjekt mellom fylkeskommunen, kommunar, statlege aktørar, frivillig sektor og andre.

Det er lagt inn forslag til oppfølging av delmål og strategiar i handlingsplanen, formulert som råd til kommunar og statlege aktørar. I nye handlingsprogram vil tiltak og råd bli utarbeidede saman med partnerskapen (sjå nedanfor).

Regional plan for folkehelse og forholdet til andre regionale planar

Hordaland fylkeskommune skal fremje folkehelse innanfor eigne oppgåver og verkemiddel. Fleire regionale planar, både vedtekne og under arbeid, har strategiar og tiltak som ligg tett opp til Regional plan for folkehelse.

Dette handlingsprogrammet avgrensar seg så langt som råd er, slik at tiltak som er nemnde i andre planar, ikkje er tekne med her.

Vedtekne planar

Klimaplanen for Hordaland 2010–2020 sine mål om å redusere ulike forureinande kjelder og fremje meir miljøvennleg transport og meir aktive reisereformer som gange og sykling, er viktige omsyn til helse. Planen viser òg til nye utfordringar i helse grunna klimaskapte endringar.

Regional transportplan for Hordaland 2013–2024 har tiltak som òg fremjar folkehelsa. Her kan vi nemne arbeidet med å byggje ut gang- og sykkelveggar for at fleire skal gå og sykle. Vidare tek planen opp viktige trafikksikrings- og folkehelseiltak i det kommunale arbeidet gjennom innsats for å sikre område rundt skular og andre plassar der barn og unge ferdast.

Planar under arbeid

Regional kulturplan 2014–2024 omfattar heile kultur- og idrettsfeltet og skal synleggjere fylkeskommunen si rolle som pådrivar og partner på idretts- og kulturfeltet. Planen skal mellom anna gi framlegg til tiltak som styrkjer desse felte som helsefremjande arenaer for å auke livskvaliteten og deltakinga i samfunnet. Planen tek opp verdien og bruken av bibliotek, idrett og friluftsliv, kulturminnevern og museum, i tillegg til kunst- og kulturformidling. Felles for desse arenaene er at dei er viktige for helse. Samarbeid med frivillig sektor vil òg stå sentralt.

Planprogrammet for *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel 2014–2026* inneheld fleire satsingsområde som har verdi for helsa til folk. Nokre viktige relaterte område er gode lokalsamfunn med møteplassar, estetiske kvaliteter, bustader, grøntområde og universell utforming, lett tilgjengelege tenester og meir bruk av aktiv og miljøvennleg transport.

Planprogrammet for *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2015–2040* om-taler viktige strategiar tett opp mot folkehelse.

Her nemner vi kort planlegging rundt bustad-område og areal til sosial infrastruktur som skular, barnehagar, rekreasjonsområde og idrettsanlegg.

Andre relevante dokument:

Handlingsplan for trafikksikring 2014–2017 er fylkeskommunen sitt plandokument, utarbeidd i samarbeid med deltakarane i Fylkestrafikksikringsrådet (FTR), med mål om å vere førande for alt trafikksikringsarbeid i Hordaland. Eit målretta trafikksikringsarbeid er viktig folkehelsesatsing. Arbeid for å fremje tryggare lokalsamfunn gjennom «trafikksikker kommune», tiltak retta mot barnehagar og skular og støtte til trafikksikringsarbeid i kommunane er døme på gode folkehelseiltak.

Tannhelsestenesta sin strategiplan for folkehelsearbeid 2012–2014 seier at ein skal fremje

tannhelsa i befolkninga og gjennom tannhelsestenesta sørge for nødvendig førebygging og behandling. Førebyggjande tiltak skal prioriterast framfor behandling. Ein skal leggje lokal tannhelsestatistikk til grunn for vurderingane.

Økonomi

Til å utvikle folkehelsearbeidet i fylkeskommunen har fylkesrådmannen i budsjettframlegget sitt for 2014 ført opp om lag 5,1 millionar kroner på ein eigen budsjettpost.

Helsedirektoratet gir årleg midlar til førebyggjande helsearbeid som fysisk aktivitet, og til andre folkehelseiltak.

I tillegg vil ulike tiltak bli finanserte gjennom budsjetta til andre sektorar. Eit meir spesifisert budsjett vil bli utarbeidd ved første revisjon av handlingsprogrammet.

Organisering av det regionale folkehelsearbeidet

Gjennom Regional plan for folkehelse tek Hordaland fylkeskommune på seg oppgåvene med å samordne, støtte og sørge for kompetanseheving for involverte aktørar i regionen.

«Partnerskap for folkehelse» 2007–2013

I 2007 etablerte Hordaland fylkeskommune «Partnerskap for folkehelse», eit samarbeid med Fylkesmannen, fleire kommunar, Helse Bergen og frivillige organisasjonar i Hordaland for å samordne det regionale folkehelsearbeidet. Kommunane som fekk midlar, forplikta seg til å opprette ei stilling som folkehelsekoordinator.

Dette samarbeidet har bidrege til å setje folkehelsa på agendaen og til å auke medvitet og kunnskapen om folkehelsearbeide i Hordaland. «Partnerskap for folkehelse» har òg vore ein god arena for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling i startfasen av arbeidet. I åra som kjem, er det viktig å byggje vidare på dette positive arbeidet.

Partnerskap frå 2014

Med folkehelselova frå 2012 er krava til samarbeid på tvers av sektorar og forvaltingsnivå om løysingar for folkehelsearbeidet blitt tydelegare. For å sikre kvalitet i oppgåvene som ligg føre, vil Hordaland fylkeskommune i perioden 2014–2017 arbeide fram ein partnerskap i Hordaland som er sektorovergripande. Forskjellen frå det det noverande «Partnerskap for folkehelse» vil hovudsakleg vere knytt til sterkare organisatorisk forankring og meir bindande felles forpliktingar. Partnerskapen vil bli bygd opp over tid med målsetnad om å etablere samarbeidsformer som skal vare gjennom heile planperioden. Kommunane i Hordaland, saman med KS, vil vere sentrale i eit slikt samarbeid. I tillegg vil ein knyte til seg relevante miljø innanfor forskning, regionale statlege organ, frivillig sektor og andre


samarbeidspartar. Formålet med partnerskapen er å skape eit strategisk organ for ut-

viklinga av folkehelsearbeidet gjennom nettverksbygging, kunnskapsutvikling og formidling, og som ein arena for å kople aktørar og utvikle prosjekt.

Kommunane er hovudaktørane i folkehelsearbeidet, og ein partnerskap skal i hovudsak bidra til å understøtte kommunale behov. Gjennom kompetanseoverføring og oversikt over regionale aktivitetar vil ein betre kunne sikre dei kunnskapsbaserte, tverrfaglege og sektorovergripande aspekta. Forpliktande avtalar vil bidra til å gi retning for arbeidet i Hordaland som region, og for det interne arbeidet i kvar organisasjon.

Ein partnerskap må bygge på likevekt mellom partane uavhengig av størrelse eller økonomi. For å sikre muligheit for påverknad og fordeling av ansvar mellom partane, blir det etablert ei styringsgruppe vald for ein gitt periode om gongen. Styringsgruppa skal bidra til eit langsiktig perspektiv i folkehelsearbeidet gjennom å foreslå økonomiske prioriteringar og gi innspel knytte til satsingsområde og handlingsprogram.

Følgjande modell blir foreslått:



Hordaland fylkeskommune vil i ein overgangsperiode frå 2014 til 2016 videreføre ordninga med økonomisk støtte til kommunar for å etab-

lere system og ordningar for eit systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid.

For å setje folkehelse i større grad på agendaen, bør allereie eksisterande samarbeidsforum i regionen nyttast til å ta opp temaet. Gjennom

etablerte råd, utval og møteplassar kan kunnskap formidlast og fungere som drahjelp til kommunalt arbeid.

Tema 1: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming

Strategi	Tiltak	Ansvar	Periode
Delmål 1.1 Samhandling skal fremje medverknad og god oppgåveløysing.			
1 A: Utvikle gode strukturar og arenaer for heilskapleg folkehelsearbeid	1.1.1. Etablere styringsgruppe og setje i verk ny styringsmodell for Partnerskapen.	HFK/andre	2014
	1.1.2. Inngå avtalar med kommunane for samhandling og utvikling av eit systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid.	HFK/kommunar	2014–2017
	1.1.3. Aktivt understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid gjennom råd og rettleiing og ved å vidareføre ein møteplass for folkehelsekoordinatorar og andre kommunalt tilsette innanfor folkehelsearbeid.	HFK / kommunar	2014 - 2017
	1.1.4. Utarbeide årsrapport og årlege handlingsplanar for folkehelsearbeidet.	HFK/ partnerskap	2014–2017
	1.1.5. Etablere ei gruppe som kan koordinere folkehelsearbeidet internt i fylkeskommunen.	HFK internt	2014
1 B: Medverknad skal vere eit gjennomgåande prinsipp i alle planar og tiltak	<i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i>		
Delmål 1.2 Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert.			
1 C: Bruke tilgjengeleg kunnskap og utvikle ny kunnskap om utviklingstrekk, helsetilstand og effektive tiltak.	1.2.1. Vidareutvikle sårbarheitsindeks og andre analysar for helsetilstand, ressursfaktorar og risikofaktorar i fylket.	HFK / kunnskapsmiljø	2014–2017
	1.2.2. Vurdere deltaking i spørjeundersøking om sjølvopplevd helse med bruk av Folkehelseinstituttet sin mal.	HFK	2015
	1.2.3. Utvikle forskingsprosjekt saman med forskingsmiljø og aktuelle brukarar.	HFK	2014–2017

1 D: Formidle kunnskap og utvikle samarbeidsnettverk	1.2.4	Arbeide aktivt med å fremje kunnskap om folkehelsearbeid i ulike samfunnssektorar ved å bruke etablerte møteplassar.	HFK i samarbeid med andre	2014–2017
	1.2.5	Utvikle samarbeid med ulike kompetansemiljø og delta i nettverk nasjonalt og internasjonalt.	HFK/ kompetansemiljø	2014–2017
	1.2.6.	Bidra til å formidle forskingsresultat og annan kunnskap til ulike aktørar som arbeider med folkehelse.	HFK og kompetansemiljø og andre aktørar, i første rekkje kommunar	
1 E: Fremje kompetanseutvikling og gjennomføre evalueringar	1.2.7.	Utvikle og støtte modellprosjekt og områdesatsingar.	HFK / Kompetansemiljø / kommunar	2014–2017
Delmål 1.3 Folkehelseomsyn skal vere integrert i all areal- og samfunnsplanlegging.				
1 F: Alle planar skal vurdere konsekvensar for folkehelsa.	1.3.1.	Bistå kommunane med rettleiing om folkehelse i kommunal planlegging og ta i bruk sjekklister i arbeidet.	HFK / kommunar	2014–2017
Delmål 1.4 Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025.				
1 G: Deltaking for alle og universell utforming skal vere eit gjennomgåande prinsipp for alle regionale og kommunale planar.	1.4.1	Sikre at deltaking for alle og universell utforming er eit gjennomgåande prinsipp for alle regionale planar.	HFK / statlege etatar	2014–2017
1 H: Offentlege bygg, skular, haldeplassar og kollektivtrafikk skal vere universelt utforma innan 2025.	1.4.2	Gjennomføre oppgradering av alle eksisterande fylkeskommunale bygg innan 2019 etter eksisterande planar for universell utforming.	HFK internt	2014–2017
	1.4.3	Sjå til at det i alle anbod om kollektivtransport er sett krav om universell utforming.	HFK internt	2014–2017
	1.4.4	Sørgje for at prinsippet om universell utforming ligg til grunn for planlegging og arkitektonisk utforming i samband med bygging av nye offentlege bygg, kollektivterminalar og haldeplassar og skular.	HFK/ statlege etatar	2014–2017

<p>1I: Sentrumsområde og publikumsretta anlegg skal vere planlagde og utbygde etter prinsippa om universell utforming innan 2025.</p>	<p>1.4.5 Utvikle pilotprosjekt for å finne fram til praktiske og funksjonelle løysingar med god arkitektonisk kvalitet.</p>	<p>HFK</p>	<p>2015–2017</p>
<p>1 J: Offentleg informasjon skal vere universelt utforma og tilpassa behova til ulike målgrupper.</p>	<p>1.4.6 Sørge for at nettsidene til Hordaland fylkeskommune er universelt utforma</p>	<p>HFK internt</p>	<p>2015–2017</p>
<p>1 K : Auke kunnskap og kompetanse om universell utforming</p>	<p>1.4.7 Utarbeide plan for kompetansehevingstiltak for universell utforming</p>	<p>HFK</p>	<p>2015</p>

Råd og forslag: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming

Strategi 1 B:

Medverknad skal vere eit gjennomgåande prinsipp i alle planar og tiltak

- Opprette barne- og ungdomsråd i eigen kommune.

Strategi 1 D:

Formidle kunnskap og utvikle samarbeidsnettverk

- Fremje kunnskap om folkehelsearbeid i ulike samfunnssektorar i eigen kommune og på andre arenaer.

Strategi 1 E:

Fremje kompetanseutvikling og gjennomføre evalueringar

- Utvikle og støtte modellprosjekt og område-satsingar.

Strategi 1 G:

Deltaking for alle og universell utforming som gjennomgåande prinsipp for alle regionale- og kommunale planar.

- Sikre at deltaking for alle og universell utforming er eit gjennomgåande prinsipp for alle kommunale planar.
- Utvikle ein strategi for universell utforming av eksisterande kommunale og andre offentlege bygg.

Strategi 1 H:

Offentlege bygg, skular og kollektiv trafikk skal vere universelt utforma innan 2025.

- Setje krav om universell utforming ved alle anbod om kollektiv transport.
- Leggje prinsippet om universell utforming til grunn for planlegging og arkitektonisk utforming ved bygging av nye offentlege bygg og kollektivterminalar.
- Kartleggje status på universell utforming for alle eksisterande offentlege bygg og skular innan 2015.

Strategi 1 I:

Sentrumsområde og publikumsretta anlegg skal vere planlagde og utbygde etter prinsippa om universell utforming innan 2025.

- Utvikle pilotprosjekt for å finne fram til praktiske og funksjonelle løysingar med god arkitektonisk kvalitet.

Strategi 1 J:

Offentleg informasjon skal vere universelt utforma og tilpassa behova til ulike målgrupper.

- Gjennomføre klarspråkoplæring for å sikre universell utforming av all nettbasert kommunikasjon.

Tema 2: Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader

Strategi	Tiltak	Ansvar	Periode
Delmål 2.1 Gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga			
2 A: Bidra til fleire tilgjengelege kultur- og idrettsanlegg, kulturminner, kulturlandskap og aktivitetssområde	2.1.1 Gi råd om bruk og økonomisk støtte som stimulerer til deltaking for alle (innan områda nemnd i 2A).	HFK	2014–2017
2 B: Auke kunnskapsgrunnlaget om faktorar og utviklingstrekk i nærmiljøet som kan verke inn på helsa.	2.1.2 Gjennomføre pilotprosjekt om folkehelse og nærmiljøkvalitetar i SFO.	HiB/ HFK i samarbeid med kommunar	2014 pågåande prosjekt
2 C: Bidra til ein offentleg infrastruktur som gjer at fleire kan velje sykkel, gange og kollektivtransport framfor personbil.	<i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i>		
2 D: Leggje til rette for tiltak som både førebyggjer og reduserer luftforureining og støy – spesielt i tettbygde område og i byane.	<i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i>		
Delmål 2.2. Gode friluftsområder for alle			
2E: Bidra til fleire tilgjengelege friluftsområde og merkte turløyper i nærmiljøa.	2.1.3 Informere om tilgjengelege friluftsområde og merkte turløyper i nærmiljøet	HFK / kommunar, frivillig sektor, andre	2015-17
2F: Gjennomføre kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde i alle kommunar i Hordaland.	<i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i>		
2G: Alle kommunar bør ha minst ett friluftsområde tilgjengeleg for alle.	<i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i>		

Delmål 2.3 Bustader til folk med ulike behov i gode nærmiljø

2 H: Leggje til rette for gode møteplassar og aktivitet ved utforming av område til bustad, skular og barnehagar, offentlege bygg og offentlege rom.	(Sjå planretningslinje.)		
2 I: Sikre varierte bustader for ulike behov og aldersgrupper.	(Sjå planretningslinje.)		
2 J: Auke kunnskap om fordelar og mogelegheiter som kan finnast i samband med å auke tilgjenge i den eksisterand bustadsmassen.	<i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i>		

Delmål 2.4: Færre skadar og ulykker.

2 K: Auka kunnskap om omfanget av skadar og ulykker, sikre at vurderingar knytte til helse/folkehelse er ein del av plangrunnlaget, og fremje gode tiltak som kan redusere talet på skadar og ulykker.	2.3.1 Vidareutvikle samarbeidet mellom HFK, kommunane og helsetenestene om kunnskapsgrunnlag og tiltak i det skadeførebyggjande arbeidet.	HFK med fleire	2014–2017
	2.3.2 Inkludere omsyn til folkehelse som del av plangrunnlaget for Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland for 2014–2017.	HFK / kommunar / Statens Vegvesen, andre	2014–2017

Råd og forslag: Lokalsamfunn, nærmiljø og bustad

Strategi 2 A:

Bidra til fleire tilgjengelege aktivitetssområde, kultur- og idrettsanlegg som stimulerer til lågterskelaktivitet

- Leggje til rette kulturminne og vern av kulturlandskap, slik at dei blir tilgjengelege for fleire
- Sikre, leggje til rette for og utvikle fleire, idrettsanlegg, aktivitetssanlegg og aktivitetssområder som stimulerer til lågterskelaktivitet for alle.

Strategi 2 E:

Bidra til fleire tilgjengelege friluftssområde og merkte turløyper i nærmiljøa, også ved eksisterande bustadområde

- Merke og informere om tilgjengelege friluftssområde og merkte turløyper i nærmiljøet

Strategi 2 I:

Sikre varierte bustader for ulike behov og aldersgrupper.

- Utarbeide oversikt over bustader og bustadtilhøve og behov for bustad som del av folkehelsevurderinga.

Strategi 2 K:

2 K: Auka kunnskap om omfanget av skadar og ulykker, sikre at vurderingar knytte til helse/folkehelse er ein del av plangrunnlaget, og fremje gode tiltak som kan redusere talet på skadar og ulykker.

- Vurdere omsyn til folkehelse ved utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar.

Tema 3: Oppvekst og læring

Strategi	Tiltak	Ansvar	Periode
Delmål 3.1 Barnehagar og skular skal ha helsevennlege og gode bygg og uteareal.			
3 A: Alle bygg for skular og barnehagar skal ha tilfredsstillande standard etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar og opplæringslova.	3.1.1 Fylkeskommunen skal kartleggje om eige skulebygg fyller krava etter forskrift om miljøretta helsevern i skular.	HFK internt	2014
Delmål 3.2 Barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular skal arbeide helsefremjande.			
3 B: Alle barnehagar og skular skal bidra til å gi elevane ei best mogleg sosial og fagleg utvikling. 3 C: Alle barnehagar og skular skal vere gode arenaer for haldingsskapande arbeid og sunne helseval.	3.2.1 Fylkeskommunen skal ha ein plan for å sikre at læremiljøet i vidaregåande skular er universelt utforma.	HFK internt	2014–2017
	3.2.2 Det skal arbeidast for å auke trivselen og meistringa i vidaregåande opplæring etter anerkjende metodar.	HFK internt	2014–2017
	3.2.3 Ein skal gjennomføre pilotprosjektet «Helsefremjande skule» ved nokre vidaregåande skular.	HFK	2014–2017
	3.2.4 Fylkeskommunen skal arbeide for å etablere sunne matvanar i skulane/skulekantinenene etter nasjonale tilrådingar	HFK internt	2014–2017
	3.2.5 Ein skal arbeide for meir fysisk aktivitet i vidaregåande opplæring/skule i tråd med nasjonale tilrådingar.	HFK internt	2014–2017
	3.2.6 Prosjektet «Fiskesprell» skal gjennomførast blant tilsette i barnehagar og elevar i vidaregåande opplæring for å auke kunnskapen om mat/fisk og helse.	HFK og Norsk sjømat-senter	2014–2015
	3.2.7 Informasjonsarbeid i VGS knytt til å auke forståing av sosialt, kulturelt og identitetsskapande mangfald	HFK internt	2014–2017
Delmål 3.3 Det skal vere koordinert innsats og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med levekåra og helsa til barn og unge gjennom heile utdanningsløpet.			
3 D: Tilbodet i skulehelsetenesta til elevar i grunnskulen og til elevar/lærlingar i vidaregåande skule skal vere i tråd med nasjonale tilrådingar.	3.3.1 Utvikle samarbeidsformer mellom fylkeskommunen og kommunane som kan sikre elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring eit godt tilbod om skulehelseteneste	HFK i samarbeid med kommunane	2014–2017
	3.3.2 Vidareutvikle «Tanntastisk» som e-		

<p>3E: Samarbeid mellom ulike aktører og barnehagar og skular retta mot barn og unge i det førebyggjande arbeidet skal vere koordinert allereie i ein tidleg fase.</p> <p>3F: Styrke samarbeidet mellom ulike aktørar for å trygge overgangar mellom like nivå i utdanningsløpet.</p>	<p>læringsprogram for å auke kunnskapen om tannhelse og førebyggjande tiltak i skule.</p> <p><i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i></p>	<p>HFK + andre</p>	<p>2014</p>
<p>Delmål 3.4 80 prosent av elevane skal gjennomføre vidaregåande opplæring på fem år.</p>			
<p>3 G: Arbeide for å auke læringsutbyttet og få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring på normalt tid (maks fem år).</p>	<p>3.4.1 Vidareutvikle samarbeidet mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring for å sikre ein god overgang mellom utdanningsnivåa.</p> <p>3.4.2. Utvikle tiltak for å sikre ein god overgang mellom Vg2 og Vg3 i yrkesfaga.</p>	<p>HFK og kommunane</p> <p>HFK / arbeidsliv</p>	<p>Pågåande</p> <p>Pågåande</p>
<p>Delmål 3.5 Auka kunnskap om barn og unge sin situasjon, levekår og helse.</p>			
<p>3 H: Det skal leggjast til rette for utvikling av kunnskapen om barn og unge.</p>	<p>3.5.1 Gjennomføre UNGDATA i fleire kommunar og vidaregåande opplæring.</p> <p>3.5.2 Gjennomføre forskingssamarbeidet utenforskolen@hordaland.</p> <p>3.5.3 Ta initiativ til ein effektstudie for dei som tek sluttkompetanse som lærekandidat.</p>	<p>KoRUS, HFK, kommunar</p> <p>HFK og Uni-Helse</p> <p>HFK/ kompetansemiljø</p>	<p>2014–2017</p> <p>2014–2017</p> <p>2014–2015</p>
<p>Delmål 3.6 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skule</p>			
<p>3 I: Bidra til arbeidet med å gjennomføre nasjonale kampanjar for å få fleire til å gå eller sykle til skule/utdanning</p>	<p><i>(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).</i></p>		

Råd og forslag: Oppvekst og læring

Strategi 3 A:

Alle bygg og uteareal for skular og barnehagar skal ha tilfredstillande standard etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar og opplæringslova.

- Kartleggje om eige skulebygg og barnehagebygg med uteområde fyller krava etter forskrift om miljøretta helsevern i skular/barnehagar.

Strategi 3 B:

Alle barnehagar og skular skal bidra til å gi elevane ei best mogleg sosial og fagleg utvikling.

- Kartleggje status og utarbeide ein plan for å sikre at læremiljøet i skulane er universelt utforma.
- Arbeide for å auke trivselen og meistringa i skular og barnehagar og rette merksemda mot å førebyggje mobbing (etter anerkjende metodar).

Strategi 3 C:

Alle barnehagar og skular skal vere gode arenaer for haldningsskapande arbeid og sunne helseval.

- Fremje gode matvanar i barnehagar, skular/skulekantiner i tråd med nasjonale tilrådingar.
- Fremje meir fysisk aktivitet i barnehage og skule i tråd med nasjonale tilrådingar.

Strategi 3 D:

Arbeide for at skulehelsetenesta til elevar i grunnskulen og til elevar/lærlingar i vidaregåande skule er i tråd med nasjonale tilrådingar.

- Utvikle samarbeidsformer mellom fylkeskommunen og kommunane som kan sikre elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring eit godt tilbod om skulehelseteneste.

Strategi 3 H:

Leggje til rette for utvikling av kunnskap om barn og unge.

- Leggje til rette for å gjennomføre UNGDATA i eigen kommune.

Tema 4: Arbeid og arbeidsplassen

Strategi	Tiltak	Ansvar	Periode	
Delmål 4.1 Auke arbeidsdeltakinga og betre overgangen mellom vidaregåande opplæring og arbeid.				
4 A: Tettare samarbeid mellom statlege aktørar, HFK og næringslivet for å målrette tiltak for arbeidspraksis og jobb til unge.	4.1.1	Delta i prosjekt for å gi unge i vidaregåande opplæring tilgang til alternative utdanningsløp (vekslingsmodellen).	HFK /arbeidsliv	2014–2017
	4.1.2	Utvikle samarbeidsprosjekt mellom vidaregåande skular og næringslivet, til dømes prosjekt for djuping/opplæring i bedrift.	HFK/arbeidsliv	2014–2017
	4.1.3	Utvide «Ungt entreprenørskap» til å gjelde fleire skular i Hordaland.	HFK /andre	2014–2017
	4.1.4	Arbeide for og støtte tiltak som kan føre til fleire lære plassar.	HFK/arbeidsliv	2014–2017
4 B: Leggje til rette for at fleire vaksne skal få yrkes- og studiekompetanse.	4.1.5	Setje i gang opplæringsløp som er særleg tilpassa vaksne.	HFK	2014–2017
Delmål 4.2 Auka deltaking i arbeidslivet gjennom fleire universelt utforma arbeidsplassar				
4 C: Fremje inkludering og deltaking gjennom fleire universelt utforma arbeidsplassar og bygge ned barrierar	4.2.1	Kartleggje statusen for universell utforming i fylkeskommunen og utarbeide tiltaksplan.	HFK internt	2014
4 D: Utvikle samarbeid mellom statlege instansar, kommunar og HFK for felles satsing for folkehelse tiltak på arbeidsplassen.	4.2.2	Stille krav ved lokal og regional næringsutvikling om universell utforming	HFK / kommunar	2014–2017
Delmål 4.3 Auka deltaking i arbeidslivet gjennom meir satsing på helsefremjande arbeidsplassar.				
4 E: Leggje til rette strukturelle tiltak for sunne val på arbeidsplassen	4.3.1	Utarbeide ein pilot for mobilitetsplan i Hordaland fylkeskommune.	HFK internt	Tiltak i klimaplanen
	4.3.2	Framheve sunt kosthald gjennom interne og eksterne samarbeidspartnar.	HFK internt	2014–2017
4 F: Arbeide aktivt for eit meir inkluderande psykososialt arbeidsmiljø i samarbeid med tilsette	(Tiltak vil bli utvikla ved revisjon av handlingsprogrammet).			

Råd og forslag: Arbeid og arbeidsplassen

Strategi 4 C:

Utvikle samarbeid mellom statlege instansar, kommunar og HFK om felles satsing på folkehelseiltak på arbeidsplassen.

- Stille krav ved lokal næringsutvikling om universell utforming.

Strategi 4 D:

Fremje inkludering og deltaking gjennom fleire universelt utforma arbeidsplassar og byggje ned barrierar.

- Kartleggje statusen for universell utforming og utarbeide tiltaksplan.

Strategi 4 E:

Leggje til rette strukturelle tiltak for sunne val på arbeidsplassen.

- Utarbeide mobilitetsplanar eller tilsvarande for verksemda for å stimulere til meir aktive reiseformer (sykkel og gange).
- Leggje til rette for at bedriftskantiner fører sunn mat.

Tema 5: Aktivitet og sosial deltaking

Strategi	Tiltak	Ansvar	Periode
Delmål 5.1 Inkludere fleire i og rekruttere breiare til frivillig organisasjonsarbeid.			
5 A: I samarbeid med frivillig sektor mobilisere befolkninga til å engasjere seg i frivillig arbeid.	5.1.1. Utarbeide oversyn over organisasjonslivet på regionalt nivå og deira bidrag i folkehelseretta arbeid.	HFK i samarbeid med regionale ledd av organisasjonar	2014
	5.1.2. Arbeide for auka rekruttering av innvandrargrupper i organisasjonar som fremjar fysisk aktivitet (prosjekt Aktiv Saman).	HFK/kommunar/organisasjonar	2014
5 B: Utvikle regional og kommunal frivilligheitspolitikk i samarbeid med frivillig sektor.	5.1.3. Leggje til rette for møteplassar for kompetanseoppbygging og nettverksbygging.	HFK/kommunar/organisasjonar	2014–2017
	5.1.4. Etablere langsiktige samarbeidsavtalar med frivillige organisasjonar om tiltak og prosjekt innanfor folkehelse.	HFK/organisasjonar	2014
	5.1.5. Vidareutvikle samarbeidet med frivillig sektor om gode tiltak i folkehelsearbeidet		
Delmål 5.2 Fleire skal vere fysisk aktive kvar dag,			
5 C Legge til rette for at fleire skal vere fysisk aktive kvar dag.	5.2.1. Slutte seg til nasjonale kampanjar for fysisk aktivitet	HFK/organisasjonar	2014–2017
	5.2.2. Gjere tilgjengeleg og informere om gode overførbare prosjekt og tiltak.	HFK	2014–2017
Delmål 5.3 Auka bruk av aktivitetsanlegg, friluftsområde og idretts- og kulturrenaer.			
5 D: Bidra til auka bruk av kulturbygg, aktivitetsanlegg, friluftsområde og merkte turløyper i lokalmiljøa.	5.3.1. Informere om tilskotsordningar og samordne ulike tilskotsordningar.	HFK	2014–2017
	5.3.2. Informere og motivere til auka bruk av tilbod i lokalmiljøet.	HFK	2014–2017

Råd og forslag: Aktivitet og deltaking

Strategi 5 B:

Utvikle ein regional og kommunal frivilligheitspolitikk i samarbeid med frivillig sektor.

- Leggje til rette for møteplassar for kompetanseoppbygging og nettverksbygging.

Strategi 5 C:

Leggje til rette for fysisk aktivitet og kultur/ kulturopplevingar i kvardagen.

- Inkludere personar med ulik kulturell bakgrunn og ulikt funksjonsnivå i eksisterande tilbod.
- Leggje til rette og følgje opp nasjonale tilrådingar for fysisk aktivitet for å få fleire til å gå og sykle.

Strategi 5 D:

Bidra til auka bruk av kulturbygg, aktivitetsanlegg, friluftsområde og merkte turløyper i lokalmiljøa.

- Leggje til rette for og informere om ordningar og tilbod, slik at fleire kan delta på kultur og lågterskelarrangement.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

www.hordaland.no

Januar 2014